

'74

FØRSTE
TREFF

EIT HISTORISK TREFF

Førde trekkspelklubb arrangerte i samarbeid med Skei Hotel den første Skei-Treffen i 1974. Dette samarbeidet heldt fram til 1981. Klubben melde då frå at dei ikkje makta å vere med lenger, og det vart såleis ikkje noko Skei-Treff i 1982.

I 1983 overtok Skei Hotel Skei-Treffen åleine, med Henry Haagenrud som musikalsk leiar. Sidan var det Frode Haltli som var musikalsk ansvarleg.

Jon Skrede skapte eit miljø og ein tradisjon. Dette er ikkje lett å gje slepp på. I januar 2017 tok difor Osterøy trekkspelklubb, med Jarle Hanstveit og Jørgen Varden i spissen, initiativ til Skei-Treffen 2017. Etter ein pandemi er no Skei-Treffen tilbake i ny drakt. Vi gler oss til framtida!

BOOKING:

Direkte på tlf. 57 72 78 23 eller e-post: jolster.booking@olavthon.no.

Bookingkontoret er stengt i helgane, så då må ein ringe sentralbordet 57 72 78 00. Opplys om at du skal på trekkspeltreff, slik at du får rett pris.

KONTAKT OSS:

Elias Eide
482 01 141
elias.eide@hotmail.com

Emil Horstad
917 89 037
emil_horstad@hotmail.com

Følg Skeitreffen på Facebook:

 @Skeitreffen



— 2022 —



28.-30. OKTOBER 2022

EI HELG FYLT MED TREKKSPEL, DANS OG MUSIKK!

THON
Hotel Jølster

ÅRETS ARTISTAR:



Håvard Svendsrud (48), Modum

Håvard Svendsrud har sidan 1998 vore frilansmusikar med ei allsidig verksemd. Han har markert seg som ein av sin generasjons mest aktive musikar på trekkspel og gjort ei rekke med innspelningar av musikk i forskjellige sjangrar. Han har gjennomført egne konsertserier i Oslo Konserthus og Drammens Teater, og blei i 2016, 2020 og 2021 tildelt Statens Kunstnerstipend.



Ole Nilssen (28), Løten

Ole Nilssen har utmerka seg som ein av Noregs fremste folkemusikarar og dansarar. Han kjem frå ei folkemusikkslekt på Hedmarken der far og bestefar har vore læremeisterar gjennom oppveksten. I 2017 debuterte han som soloartist med albumet "Premiér", i 2018 vart han kåra til "Årets unge folkemusikar", og i 2022 fekk han Kongepokalen på Landskappleiken. Han er i dag tilsett som distriktsmusikar i Sunnfjord Kommune.



Bjørn-Petter Tøsse (28), Skotten

Bjørn-Petter Tøsse er ein musikar og komponist ifrå Skotten i Møre og Romsdal. Som trekkspelar har han vunne NM i trekkspel fleire gonger, og har fått mange prisar både i Norge og utlandet for sitt spel. Som musikar er Bjørn-Petter interessert i improvisasjon og musikk ifrå Balkan. Dette har ført til at han blant anna har ein master ifrå Norges Musikkhøgskule der han har forska på bryllaupsmusikken frå den bulgarske delen av Trakia i perioden 1980-2020.



Odd Arne Halaas (44), Eide

Odd Arne Halaas er artigkaren som blandar gode historier med trekkspelmusikk og song. Halaas presenterer ofte tekstar og melodiar som ein sjeldan høyrer i dag, ifrå «Ønskekonserten» på 50-tallet til svingande trekkspelpærlar.

Det er som å trykke på ein knapp, så rausar det ut frå musikaren Halaas melodier og tekster du sjelden høyrer i dag, fra "Ønskekonserten" på 50-tallet til svingende trekkspillperler. Han har et enormt repertoar av melodier vi minnes, og humoristen rommer en usannsynlig flora av sann og usann storlyging.

PROGRAM:



FREDAG

28
OKTOBER

Håvard Svendsrud spelar norske trekkspelkomponistar

20:00

Håvard startar treffet med ein konsert med norske trekkspelkomponistar. Her vert det musikk av blant anna Henry Haagenrud, Erling Eriksen, Chr. Liebak og mange fleire.

Dans

Variert dansemusikk frå ulike grupper frå heile landet.

21:00

LAURDAG

29
OKTOBER

Konsert

17:00

Den tradisjonsrike Skeitreffen-konserten. Her blir det eit svært variert program og noko for ein kvar smak. Vi avsluttar som vanleg med Minner frå Jølster.

Dans

Variert dansemusikk frå ulike grupper frå heile landet.

21:00

SØNDAG

30
OKTOBER

Avslutning

12:00

Takk og farvel for denne gong.